



› Kvalitet, internkontroll og beredskap

Kommunelovas § 25-1 stiller krav til kommunedirektøren si oppfølging av internkontrollen. Fokus på kvalitet, internkontroll og beredskap er styrka dei siste åra. Stillinga som seniorrådgivar kvalitet og beredskap har 1 årsverk.

Hovudoppgåver innafor kvalitet og internkontroll har i 2023 vore:

- oppbygging av kommunen sitt heilskaplege kvalitetssystem; Compilo:
 - implementering av Årshjuls-modulen for å:
 - sikre at kompetanse og rutiaer blir overført ved nyttilsettingar og fråvær
 - sikre internkontroll
 - redusere tidsbruk
 - utprøving av sjekklister for å dokumentere internkontrollen
- opplæring og implementering av Compilo:
 - auke generell bruk av Compilo. Har auka frå ca 1100 påloggingar i 2020, til ca 10100 i 2021, ca 12300 i 2022 og ca 13000 i 2023.
 - auke melding av avvik: Har auka frå ca 700 i 2021, ca 1000 i 2022 og 1080 i 2023.
 - auke bruken av dokumentmodulen. Har auka frå ca 2700 leste dokument i 2020, til ca 16000 i 2021, ca 17100 i 2022 og 27000 i 2023.
 - tilbod om gjentakande arbeidsmøte/ opplæring i alle modular
 - lage brukarrettleiingar om Compilo
- planlegging, gjennomføring og etterarbeid etter leiinga sin gjennomgang
- samarbeid med personvernombod i IKA Møre og Romsdal:
 - fornying av databehandlaravtalar
 - handtering av personvernavvik
 - innsynskrav
- opplæring av tilsette i informasjonssikkerheit og personvern med KS Læring
- revisjon av "Mål og strategi for arbeid med kvalitet og internkontroll i Giske kommune 2021-2024" etter Leiinga sin gjennomgang
- lean "Pleie og omsorg - I takt med framtida"

Hovudoppgåvene innafor beredskap har i 2023 vore:

- handtering av flyktnings situasjonen som følgje av krigen i Ukraina
- to andre kortvarige krisehandteringar
- samarbeid med omkringliggende kommuner, statsforvaltar, politi m.fl.
- revisjon av beredskapsplan
- revisjon av heilskapleg ROS-analyse
- øvingar for Beredskapsleiinga, EPS-gruppa og kriseteamet
- oppbygging og implementering av nytt krisehandteringsverktøy; RAYVN
- starta arbeidet med å lage planar for bortfall av digitale tenester i alle einingane

Giske kommune er ein lærande organisasjon der alle tilsette saman arbeider med å utvikle kapasitet til å levere tenestene i tråd med kommunen sitt verdigrunnlag; respekt, løysingsvilje, engasjement og kvalitet.